

ODDA FJELLSTYRE



ÅRSMELDING 2018

Odda, 11.3.2019

Eivind Tokheim

John Helge Rasmussen

Mariann Nordstoga Berge

Britha Sandal

Ørjan Angell

Innhald

Ullensvang statsallmenning.....	3
Odda fjellstyre 2016-2019	3
Hardangervidda fjelloppsyn	4
Fjellstyrehytter.....	4
Utleige av fjellstyrehyttene.....	4
Villreinjakt.....	4
Småviltjakt	8
Fiske	8
Økonomi	8

Ullensvang statsallmenning

Ullensvang statsallmenning ligg i Odda kommune og Ullensvang herad, og er på 819 km². Delen av statsallmenningen som ligg i Odda kommune utgjer om lag 308 km².

Odda fjellstyre 2016-2019

Medlem:	Vara:
Eivind Tokheim (leiar)	Audun Kvandal
John Helge Rasmussen (nestleiar)	Jarle Vangen
Mariann Nordstoga Berge	Jan Ove Vintertun
Britha Sandal	Bjørn Buer
Ørjan Angell	Oddrun Løyning

Fjellstyret hadde i 2018 fire møte. Det blei handsama 41 saker.

Utbetringsarbeidet på Belebu blei vidareført i 2018. Blant anna blei dei to resterande soveromma panela opp att, og det blei montert ny pipehatt. I Bjørnavassbu blei det gjort ein del mindre vedlikehaldsarbeid. Pipe og brannpanel blei malt, det blei montert gassalarm, og gardiner og stenger blei bytta ut. Det blei laga ein rastebenk, og kjøpt inn nye redningsvestar.

Det er sendt inn byggesøknad for uthus ved Bjørnavassbu. Søknaden er ikkje ferdig handsama hos Ullensvang herad og Fylkesmannen. Det blei søkt om stønad frå Sparebankstiftinga Hardanger og Sparebank 1-stiftinga Kvinnherad til ny do ved Bjørnavassbu og til vedlikehald på naustet ved Belebu. Sparebankstiftinga Hardanger gav ei gåve på 140.000 til prosjekta.

Av andre saker i 2018 kan nemnast at snøskuteren til fjellstyret blei seld, og at det vart arrangert ein middag på hytta til Eivind for dei som har delteke på dugnadsarbeidet på Belebu som ei påskjønning for innsatsen som er lagt ned dei siste åra.

Fjellstyret har oppretta heimeside under felles portal med dei andre fjellstyra på Hardangervidda: www.hardangervidda-fjellstyra.no. Heimesida er nytta til å informere om vedtak gjort av fjellstyret, samt reinsjakt og hytteutleige. Fjellstyret nyttar også Facebook aktivt til å informera om reinskort, hytteutleige og anna.

Representantar i Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning: Eivind Tokheim (leiar), John Helge Rasmussen, Ørjan Angell

Representant i villreirutvalet: Ørjan Angell

Styremedlem og nestleiar i Fjellstyra på Hardangervidda: Eivind Tokheim (vara John Helge Rasmussen)

Hardangervidda fjelloppsyn

Hardangervidda fjelloppsyn (HF) er driftsapparatet til Fjellstyra på Hardangervidda. Odda fjellstyre har frå og med mai 2017 leigd sekretærtjenester frå HF. Sekretærtjenestene har blitt utført av Steinar Lund.

Fjellstyrehytter

Odda fjellstyre har tre hytter i statsallmenningen: Belebu ved Kvennsjøen, Bjørnavassbu ved Nedsta Bjørnavatnet og Langavassbu ved Langavatnet.

Utleige av fjellstyrehyttene

Fjellstyrehyttene blir leigd ut til jakt, fiske og friluftsliv, hovudsakleg i sommarhalvåret. Fjellstyret har hatt ein søknadsfrist for leige midt på sommaren, og ein søknadsfrist for leige i reinsjakta. Kven som får leige blir avgjort ved trekking når det er fleire som ynskjer å leige i same perioden. Nettsida og facebook har blitt brukt for å gjere utleigeordninga kjent, og opplyse om kven som har fått tildelt leige. Midt på sommaren er Belebu svært populær, medan det er mindre etterspørsel etter Bjørnavassbu og svært lite etterspørsel etter Langavassbu. I 2018 var Bjørnavassbu svært lite brukt. Dette heng truleg saman med ei låg reinskvote, som gjorde at det var lite jegerar i fjellet utover hausten.

Hyttene blei leigd ut for 100,- per seng/døgn, ei auke frå 90,- i 2017. Hytteteiga utgjort 37.300,- i 2018, fordelt på hyttene slik:

Belebu	24.440,-
Bjørnavassbu	11.800,-
Langavassbu	1.060,-
Samla:	37.300,-

Villreinjakt

Kvota for Hardangervidda var i 2018 1522 dyr, fordelt på 1056 fritt dyr, 232 simle/ungdyr og 234 kalv. Odda fjellstyre hadde ei kvote på 48 dyr, fordelt på 34 fritt dyr, 7 simle/ungdyr og 7 kalv.

Det var 163 som søkte om kort. Den låge kvota førte til at det var ei lang varaliste ved jaktstart. Fjellstyret hadde kortreturordning i jakta, slik at dei som ikkje fekk brukt korta kunne levere dei inn att og få refundert deler av summen dersom fjellstyret fekk seld korta vidare. I løpet av jakta blei 10 kort returnert og selt vidare til jegerane som sto på varalista. Fem fyrstegongsjegerar i alderen 16-19 år fekk tildelt kort på fritt dyr.


Det blei seld kort for til saman 77.575,-. Fjellstyret endra rutinane for søknad dette året, og hadde søknadsfrist 2. mai og søknad via e-post.

Jakttid og samjakt


Jakttida blei sett til 20.8-23.9. Dette var grunngeve med den høge fritt dyr-andelen i kvota, og ønsket om at det ikkje skulle jaktast simle i staden for bukk mot slutten av jakta. Det blei innført samjakt mellom Ullensvang statsallmenning, Røldal statsallmenning og Eidfjord statsallmenning i perioden 13. september til og med 23. september.

Fredingssoner

Fredingsssonene på Ullensvang statsallmenning blei justert før jakta i 2018. Det blei gjort endringar på både sona i nord og sør. Gjeldande fredingssoner i jakta 2018 var som følgjer:



Fredingszone sør 2018




Bakgrunnskart: Kartverket


Felling

Fellingsresultat på Odda fjellstyre sine kort:

	Kalv	1 ½	2 ½ og eldre	I alt
Hanndyr	4	0	16	20
Hodyr	0	1	7	8
I alt	4	1	23	28



Det vart felt 28 dyr av kvoten på 48 dyr, som gir eit fellingsresultat på 58,33 %. Det vart felt 16 vaksne bukkar, 7 vaksne simler, 1 1,5 år gamal simle og 4 bukkekalvar. Det vart felt 9 dyr dei to første jakt dagane og 11 dyr i perioden 15.-18-september. Resten vart felt i mellom desse periodane. Der vart felt 10 dyr i området Låven/Bjørnadalen, 8 dyr i området mellom Kvennsjøen og Midtre Krokavatn, 7 dyr i vestlege fjellområde tidleg i jakta, 2 dyr ved Hansbu og 1 dyr i Litlosområdet. Jakta var prega av ein god del mindre flokkar og rolege jaktforhold med lite jegerar også i dei periodane det var bra med dyr i jaktområda.



Figur 1. Posisjonar frå GPS-merka dyr i perioden 20.8-23.9.2017.

Småviltjakt

Småviltjakta blir administrert av Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning. Rypa har vore freda dei siste åra, men det blei opna for jakt frå og med 2018. Det har blitt seld 131 kort for jaktseongen 2018/2019 (105 dagskort, 23 vekeskort og tre sesongkort). Det er rapportert inn felling av 72 fjellrype, 77 lirype, ein hare, ein raudrev og ei krikkand.

Fiske

Fisket blir administrert av Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning. Meir utfyllande informasjon om fiske i årsmeldinga frå Fellesstyret.

Det var opna for sal av inntil 20 vekeskort garnkort for utanbygdsbuande. Kortet kunne nyttast i Nedsta Krokavatnet, Midtra Krokavatnet, Øvsta Krokavatnet, Jakobsbuvatnet, Nedsta Bjørnavatnet, Øvsta Bjørnavatnet, Sigridskarvatnet, Tuevatna, Kvennsjøen, Litlosvatnet, Kollsvatnet, Skadvatn, Ambjørgsvatnet, Krokavatnet, Kollstjørn, Sledalsvatnet, Oddvyrevatnet, Nedsta Grøndalsvatnet, Midtra Grøndalsvatnet. Det blei selt 10 vekeskort for garnfiske for utanbygdsbuande. Netto omsetnad for dette var 4812,50,-. Overskotet blir delt likt mellom Odda fjellstyre og Ullensvang fjellstyre.

Økonomi

Fjellstyret hadde i 2018 ein omsetnad på 177.083,15,-. Utgiftene var på 301.645,80,-, noko som gav eit underskot på 122.725,65,- etter renteinntekter.